

## **Odda (Tyssedal)**

### **0. Disposisjon**

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
  - 4.1. Lydverket ➤
    - a. Lydane ➤
    - b. Lydmønster ➤
  - 4.2. Bøyingsverket ➤
    - a. Substantiv ➤
    - b. Verb ➤
    - c. Adjektiv ➤
    - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
  - 5.1. Ordsamling ➤
  - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
  - 6.1. Geografiske forskjellar ➤
  - 6.2. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøvar ➤
8. Kjelder ➤

### **1. Kommune og bygder**

- Ligg ved Sørfjorden i Hardanger.
- Tettstad i Odda kommune.
- Namnet Tyssedal kjem frå elvenamnet Tysso, som truleg tyder 'tvidelt'.
- Om lag 800 innbyggjarar.
- Industrialisert på byrjinga av 1900-talet. Det førte til stor tilflytting og auke i folketalet.
- Etter at sysselsetjinga i industrien blei redusert, har folketalet gått noko tilbake.
- Har eigen barneskule, men ungdomsskulen ligg i Odda.
- Næringsvegar: Kraftproduksjon, prosessindustri (Tinfos Titan & Iron) og reiseliv.

### **2. Lytt på dialekten**

➤L [Klikk her](#) og høyr på opptak frå Tyssedal.

Tekst 1:

- Det er Tyssedal koret da, ja. Det er et blandakor, damer og menn, og det har eksistert i, vi hadde femogtjuårsjubileum i fjor. Og da fikk vi en fra Odda til å skrive, vi bestilte en tekst, som et bestillingsverk dette da. Så var det historien innen ifra her, helt ifra början av, fra det var ingenting her inne egentlig, det var bare fjord, fonn og fjell, og historien helt opp til i dag, til Smelteverket la ned i fjor og helt opp til nå. Det er et ganske stort verk, da, som han skreiv tekst til. Det var Jan Gravdal som skreiv teksten, og så fikk vi en Guttorm Guttormsen som bor i Skien, til å lage musikk til det. Og det jobba vi faktisk med i halvannet år.

- Ja, det er et stort arbeid.

- Før vi satte det fram i høst, i fjor høst da. Og det var vi faktisk i Skien og spilte inn plater på, vi spilte inn CD-plate, i vår var vi, og skal sette det opp igjen nå, vi skal ha noe som heter Odda-veko nå i juni, og da skal vi sette det opp igjen en gang til. Det blir jo, det er jo unionsoppløsningen og dette her.

Informant: Kvinne, fødd 1954

Tekst 2:

Jeg er født og oppvokst i Tyssedal, og Tyssedal er jo en fin plass å bo. Det er et lite samfunn der alle kjenner alle da, på en måte, og kanskje ikke alt for mye å gjøre da, og sånn, av fritidssysler og sånn, eller tilbud fra Tyssedal sin side, men det er jo alltid noe å gjøre på. Så har du fotball. Det går jo veldig mye til av trening og sånn. Så er det veldig fin natur der. Det er, jeg vil nå si de har Norges fineste badeplass når det gjelder sommeren. Ligger utrolig bra til, badeplassen som vi kaller Elva, det ligger jo i elva, så er det en kulp og der er det, der bruker vi jo store deler av sommeren. Så har vi en badedam, da, som vi har fått av Odda kommune, som de fyller hver sommer, når sommerferien begynner, og den bruker vi og flittig da. Så sitter det badevakter der da fra si tolv om dagen til sju om kvelden. Så fyller de den med litt varmt vann når det er kaldt vann, så det er ikke alle som bader.

Informant: Mann, fødd 1987

### 3. Nokre særdrag

Info om lydskriftsystemet. ➤T[eigen art.]

Dialekten i Tyssedal har ikkje alle dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.] og hardangerske ➤T[eigen art.] draga som elles finst i området rundt. Tyssedalsmålet har desse særdraga:

- infinitivar ➤O endar på *-e* ➤T[eigen art.]K: *å kaste, å svare*
- svake hokjønnsord ➤O, endar på *-e* i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K: *ai flue, ai jente*

- det er ikkje forskjell i bøyinga på svake >O og sterke hokjønnsord >O i bestemt form eintal >T[eigen art.]K:

<i>flue</i>	<i>flua</i>	<i>fluer</i>	<i>fluene</i>
<i>dør</i>	<i>døra</i>	<i>dører</i>	<i>dørene</i>

- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *vi* i fleirtal >T[eigen art.]K
- diftongane >O *ei* og *øy* blir uttalte *ai* og *ái*: *å aie*, *en flaip*, *å råike*, *ai ráis* ('å eige, ein fleip, å røykje, ei røys')
- nektingsadverbet er *ikke*

## 4. Ein liten grammatikk

### 4. 1. Lydverket

#### a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å, ai, au* og *ái*.

Konsonantane er dei vanlege vi kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

*k̥*, som er ein *k* med *j*-lyd. Lyden blir uttalt med å løfte tunga mot bakre delen av ganen og presse lufta forbi ei opning mellom tunga og ganen, slik at det oppstår ein høyrbar friksjon. Han svarar ofte til skrivemåten *kj* i nynorsk: *tenk̥e* 'tenkje'.

*ŋ*, som ofte svarer til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å presse bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar vi denne lyden for ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Tyssedal tonemforskjell >O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen >O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

*ˈfaren* (bestemt form eintal av *far*)

*ˈfaren* (bestemt form eintal av *fare*)

#### b. Lydmønster

- I Tyssedal har ein lyden *ŋ* utan at han treng å stå framom ein *g* eller *k*. Mange andre stader på Vestlandet står denne lyden derimot framom *g* eller *k*. Der heiter det for eksempel *oŋge*, mens ein i Tyssedal seier *oŋŋe*.

- Etter *d*, *l*, *n*, *s* og *t* blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som 'n, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det vil altså for eksempel heite *hest'n* og ikkje *hesten*.

## 4. 2. Bøyingsverket

### a. Substantiv

#### Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstrer for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤ **O** (*hage*), mens andre ikkje gjer det (*arm*, *båt*). Vi har difor plassert *e*-en i ein parentes.

1.    *-(e)*                *-en*                *-er*                *-ene*

Det vil seie at *arm*, *båt* og *hage* blir bøygd slik:

<i>arm</i>	<i>armen</i>	<i>armer</i>	<i>armene</i>
<i>båt</i>	<i>båt'n</i>	<i>båter</i>	<i>båt'ne</i>
<i>hage</i>	<i>hagen</i>	<i>hager</i>	<i>hagene</i>

På grunn av at endinga *-en* i *båten* står etter *-t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *båt'n*, jf. Lydmønster. ➤ **L** Det same ser vi i *båt'ne*.

Avvikande bøying frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>føtter</i>	<i>føtt'ne/føtt'na</i>
------------	--------------	---------------	------------------------

Ein del ord som endar på dei trykklette stavingane *-er* eller *-el*, følgjer det dominerande bøyingsmønstrer, men dei får samandraging ➤ **O** i fleirtal:

<i>hammer</i>	<i>hammeren</i>	<i>hamrer</i>	<i>hamrene</i>	
<i>spiker</i>	<i>spikeren</i>	<i>spikrer</i>	<i>spikrene</i>	
<i>nåiel</i>	<i>nåiel'n</i>	<i>nåiler</i>	<i>nåil'ne</i>	'nøkkel'

#### Hokjønn

Dei fleste hokjønnsorda har dette bøyingsmønstrer:

2.    *-(e)*                *-a*                *-er*                *-ene*

Ein del hokjønnsord endar på *-e* i oppslagsforma ➤**O** (*dame*), mens andre ikkje gjer det (*elv*, *kærrin*). Vi har difor plassert *e*-en i ein parentes.

Dermed får orda *elv*, *kærrin* og *dame* slik bøying:

<i>elv</i>	<i>elva</i>	<i>elver</i>	<i>elvene</i>
<i>kærrin</i>	<i>kærrina</i>	<i>kærriner</i>	<i>kærrinene</i>
<i>dame</i>	<i>dama</i>	<i>damer</i>	<i>damene</i>

Desse orda har avvikande bøying frå hovudmønstret i hokjønn:

<i>bok</i>	<i>boka</i>	<i>bøker</i>	<i>bøkene</i>
<i>natt</i>	<i>natta</i>	<i>netter</i>	<i>nett'ne</i>
<i>datter</i>	<i>datra</i>	<i>døtre</i>	<i>døtrene</i>

## Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har dette bøyingsmønstret:

3.    *-(e)*                *-e*                *-(e)*                *-ene/-a*

Ein del inkjekjønnsord endar på *-e* i oppslagsforma ➤**O** (*eple*, *øre*), mens andre ikkje gjer det (*hus*). Vi har difor plassert *e*-en i ein parentes.

Orda *hus*, *eple* og *øre* får dermed denne bøyinga:

<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>hus'ne/husa</i>
<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>epl'ne</i>
<i>øre</i>	<i>øre</i>	<i>øre</i>	<i>ørene</i>

## b. Verb

I tyssedalsmålet er notidsformer med *-r* vanlege mellom eldre. Dei vil for eksempel seie *finner*, *lyser* osv. I yngre tyssedalsmål er det vakling mellom former med og utan *-r*, men notidsformer utan *-r* ser ut til å vinne fram, jf. Yngre og eldre dialekt. ➤**L**

## Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan vi setje opp i fem klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kaste*-klassen:

-e                      -e                      -a                      -a

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kaste</i>	<i>kaste</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>takke</i>	<i>takke</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>

2. *døme*-klassen:

-e                      -e                      -te/-de                      -t/-d

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>øve</i>	<i>øve</i>	<i>øvde</i>	<i>øvd</i>
<i>jage</i>	<i>jage</i>	<i>jagde</i>	<i>jagd</i>
<i>lyse</i>	<i>lyse</i>	<i>lyste</i>	<i>lyst</i>

Dei fleste verba i denne klassen får endingane *-te* og *-t* i preteritum ➤**O** og i perfektum partisipp. ➤**O** Det gjeld verb der stammen ➤**O** endar på kort konsonant, på dei lange konsonantane *-ll*, *-mm*, *-nn*, *-ŋŋ* og *-pp*, og dessutan framandord på *-ere*. Verb som *lyse*, *høre*, *drømme* og *studere* vil difor få endingane *-te* og *-t*. Andre verb i denne klassen får endingane *-de* og *-d* i preteritum og i perfektum partisipp. Det gjeld for eksempel verb med stamme som endar på diftong ➤**O**, på den lange konsonanten *-gg*, eller på *-g* og *-v* med lang vokal eller diftong føre. Eksempel på slike verb er *nåie*, *bygge*, *øve*, *plage*, *aige* osv. ('nøye, bygge, øve, plage, aige').

3. *greie*-klassen:

-e                      -e                      -dde                      -dd

Altså:

<i>lye</i>	<i>lye</i>	<i>lydde</i>	<i>lydd</i>
------------	------------	--------------	-------------

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-dd*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har *d* eller vokal framom infinitivs-*e*-en : *tie*, *lade*, *skade*.

4. *telje*-klassen:

-e                      -e                      (\*)-te                      (\*)-t

Her set vi stjerne framom endingane i preteritum ➤**O** og i perfektum partisipp ➤**O**, for det som først og fremst skil klassen frå *døme*-klassen, er at stammevokalen ➤**O** i verbet kan skifte:

<i>telle</i>	<i>telle</i>	<i>talte/telte</i>	<i>talt/telt</i>
<i>selle</i>	<i>selle</i>	<i>sålte/sålte/selte</i>	<i>sålt/sålt/selt</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døme*-klassen ved at dei har ein annan tonegang >O; *telle* er uttalt med det vi kallar tonem 1 >O, mens *øve* i notid har tonem 2: *'telle, `øve*. Her som i *døme*-klassen bruker ein *-te* i preteritum >O i dei fleste verba.

#### 5. *nå*-klassen:

–	<i>–r</i>	<i>–dde</i>	<i>–dd</i>
---	-----------	-------------	------------

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv >O, og altså *–r* i notid:

<i>nå</i>	<i>når</i>	<i>nådde</i>	<i>nådd</i>
<i>tro</i>	<i>tror</i>	<i>trodde</i>	<i>trodd</i>

### Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake >O ved først og fremst å vere særprega av vokalskifte i stamma >O mellom bøyingsformene, som vi ser f.eks. i *drikke* – *drikke* – *drakk* – *drokke*. Her er skiftet altså *i* – *i* – *a* – *o*. Dessutan er det inga ending i preteritum >O (*drakk*), perfektum partisipp >O har oftast endinga *–e* (*drokke*), og i notid bruker ein tonem 1 >O (*'drikke*) slik som i det svake verbet *'telle*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller vi opp nedafør, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

#### 1. klasse (*i* – *i* – *ai* – *e*):

<i>drive</i>	<i>drive</i>	<i>draiv</i>	<i>dreve</i>
<i>grine</i>	<i>grine</i>	<i>grain</i>	<i>grene</i>

#### 2. klasse (*y* – *y* – *åi* – *ø*):

<i>fryse</i>	<i>fryse</i>	<i>fråis</i>	<i>frøse</i>
<i>flyte</i>	<i>flyte</i>	<i>flåit</i>	<i>fløte</i>

#### 3. klasse (*i/e* – *i/e* – *a* – *o/e*):

<i>drikke</i>	<i>drikke</i>	<i>drakk</i>	<i>drokke</i>
<i>finne</i>	<i>finne</i>	<i>fant</i>	<i>fonne</i>
<i>brenne</i>	<i>brenne</i>	<i>brant</i>	<i>bronne/brent</i>
<i>brekke</i>	<i>brekke</i>	<i>brakk</i>	<i>brokke</i>

4. klasse ( $\text{æ} - \text{æ} - \text{a}/\text{æ} - \text{å}/\text{æ}$ ):

<i>bære</i>	<i>bære</i>	<i>bar/bærte</i>	<i>båre/bært</i>
<i>sjære</i>	<i>sjære</i>	<i>skar/sjærte</i>	<i>skåre/sjært</i>

Dersom ein bruker formene med *-te* i preteritum ➤ **O** (*bærte*) og *-t* i perfektum partisipp ➤ **O** (*bært*), kan ein seie at desse verba blir bøygde som svake verb.

5. klasse ( $e - e - a - e$ ):

<i>lese</i>	<i>lese</i>	<i>las/leste</i>	<i>lest</i>
<i>drepe</i>	<i>drepe</i>	<i>drap/drepte</i>	<i>drept</i>

Som i 4. klasse kan desse verba òg ha svak bøyning.

6. klasse ( $a - a - o - a$ ):

<i>fare</i>	<i>fare</i>	<i>for</i>	<i>fart</i>
<i>male</i>	<i>male</i>	<i>mol/malte</i>	<i>malt</i>

Nokre av dei sterke verba får bøyningar som minner noko om dei svake, f.eks.

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba/bedde</i>	<i>bett/bedd</i>
<i>ji</i>	<i>jir</i>	<i>ga/jidde</i>	<i>jitt/jidd</i>
<i>slå</i>	<i>slår</i>	<i>slo</i>	<i>slått</i>
<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>stått</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fikk</i>	<i>fått</i>

### c. Adjektiv

Adjektiva har vi hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ➤ **O** (for eksempel *skitten*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *stor*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

<i>en sjitt'n bil</i>	<i>ai sjitt'n sjorte</i>	<i>ett sjitt'nt plagg</i>	<i>sjitne biler/sjorter/plagg</i>
<i>en stor gutt</i>	<i>ai stor jente</i>	<i>ett stort hus</i>	<i>store gutter/jenter/hus</i>

Dermed er bøyingsmønstra slik:

1)	<i>-en</i>	<i>-en</i>	<i>-ent</i>	<i>-ne</i>
2)	<i>-</i>	<i>-</i>	<i>-t</i>	<i>-e</i>



Dersom substantivet står i bestemt form, får adjektivet slik bøyning:

*denn store gutt'n    denn store jenta    de store huse    di store  
gutt'ne/jent'ne/husa*

Dermed er bøyingsmønstret slik:

*-e                    -e                    -e                    -e*

#### d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>vi</i>	<i>dere</i>	<i>di</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>deg</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>åss</i>	<i>dere</i>	<i>di</i>

Dei peikande pronomena i Tyssedal har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	
<i>denn</i>	<i>denn</i>	<i>de</i>	<i>di</i>
<i>denne</i>	<i>denna</i>	<i>detta</i>	<i>dissa</i>

### 5. Ord og uttrykk

Nedfor finn du ei samling av ord og uttrykk frå det gamle bygdemålet i Odda kommune. Samlinga byggjer på:

Halldor O. Opedal 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

#### 5. 1. Ordsamling

*avgu* (adjektiv) 'mykje': *Ska du ha tie kroner? Da va nuku avgu da.*

*blimæle* (inkjekjønn) 'smisking'

*byrta* (verb) 'orde, nemne, seie ifrå': *Du fær byrta da.*

*dyv* (inkjekjønn) 'age, tyngde': *Da fylgde dyv mæ dan gamle prest'n.*

*grapsalæ* (adverb) 'mykje': *Skojen veks'u grapsalæ no.*

*hypen* (adjektiv) 'furten'

*namslæ* (adjektiv) 'skremmande, farleg': *Elvæ æ namslæ i dag.*

*ramlestakje* (hankjønn) 'bråkmakar'

*rutl* (inkjekjønn) 'bråk, ståk': *Da va ait fæla rutl.*

*sinne* (inkjekjønn) 'gong': *Eg lyt'e no koma ait sinne.*

## 5. 2. Uttrykk

*Hann la seg mæ hønsæ å rais mæ gris'n.*

*Jau, no vett'e dai høje i hodnæ.*

*Dai sat ikkje å nepte nevane, dai gamle.*

*Du svedl'u kje i munnen tao dann mat'n.*

*Hann va ait kapitel ('pålitande').*

## 6. Forskjellar

### 6. 1. Geografiske forskjellar

Omtale av talemålet i andre delar av Odda kommune finst i skissene for Odda-sentrum og Røldal.

### 6. 2. Yngre og eldre dialekt

Skissa ovafor byggjer mellom anna på målet til fire unge tyssedøler. Dialekten kan variere noko mellom generasjonane og frå person til person. Vi skal sjå på nokre av dei viktigaste forskjellane.

#### Substantivbøyinga ➤L

- Hankjønnsbøyinga breier seg òg i andre ord, f.eks. har ein fått former som *vakt'n* der eldre mål berre kan ha *vakta*.

#### Verbbøyinga ➤L

- Notidsformene av verbet skil eldre og yngre mål frå kvarandre. Her har dei eldre former med *-r*. Dei seier *jager* og *drikker*, mens dei unge ofte seier *jage* og *drikke*.
- I yngre mål breier svake ➤O fortidsformer seg i bøyinga av dei sterke verba ➤O. I eldre mål bøygde ein å *gnage* etter 6. klasse sterke verb, altså slik:

*gnage                    gnager                    gnog                    gnagt*

I yngre mål kan det same verbet bøyast som svake verb i *døme*-klassen, altså slik:

gnage          gnager          gnagde          gnagd

### Pronomenbøyinga ➤L

- I eldre mål bruker somme dei personlege pronomena *jei*, *mei* og *dei*. Mellom yngre er *eg*, *meg* og *deg* einerådande. I dag er det òg mange eldre som bruker dei sistnemnde formene.

## 7. Dialektprøvar

Slik kan to dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift ➤T [eigen art]:

Tekst 1:

- *De e Tyssedalskoret da, ja. De e ett blannakor, damer å menn, å de har eksistert i, vi hadde femåkuårsjubileum i fjor. Å da fikk vi en fra Ådda till å skrive, vi bestilte en tekst, såmm ett bestillingsværk detta da. Så va de historien innen ifra hær, helt i fra början av, fra de va iynntingn hær inne egentli, de va bare fjor, fänn å fjell, å historien helt opp till i dag till Smelteverke la ned i fjor å helt opp till no. De e ett ganske stort verk, da, såmm hann skreiv tekst till. De va Jan Gravdal så skreiv tekst'n, å så fikk vi en Guttårm Guttårms'n så bor i Sjien, till å lage musikk till de. Å de jobba vi faktisk me i halan't år.*
- **Ja, det er eit stort arbeid.**
- *Før vi satte de framm i høst, i fjor høst da. Å de va vi faktisk i Sjien å spilte inn plate på, vi ha spilt inn sedeplate, i vår va vi, å ska sette de opp ijenn no, vi ska ha noe så hete Åddaveko no i juni, å da ska vi sette de opp ijenn en gangn till. De bli jo, de e jo unijonsoppløsningn å detta hær.*

Tekst 2:

*Eg e føtt å oppvåkst i Tyssedal, å Tyssedal e jo en fin plass å bo. De e ett lite samfunn dær alle kenne alle da, på en måte, åg kann 'ke alt fårr mye å jør da, å sånn, a fritidssysla å sånn elle tillbud da fra Tyssedal si sie, menn de e no allti no å jør på. Så ha du fotball. De går jo veldi mye till a trenin å sånn. Så e de veldi fin natur dær. De e, e vill no si di har Nårges fineste badeplass nårr de jeller sårmeren. Ligge utroli bra till, badeplass'n så vi kalle Elva, de ligge jo i elva, så e de en kulp å dær e de, dær bruke vi jo store deler av sårmeren. Så har vi en badedamm da så vi har fått av Ådda komune så de fyller vær sårmer, nårr sårmerferien bjynne, å denn bruke vi å flitti da. Så sitte de badevakter dær da fra si tåll åmm dagen till sju*

åmm kvellen. Så fyller di hann me litt varmt vann når de e kalt vann, så de e ikke alle så bade.

### 8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Odda kommune

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T**[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ **T** [eigen art.].

Eitrheim, Tormod. 1972: Litt om dialekten i industrissentret Odda. *Språklig Samling* 1: 13-14.

Fenne, Hermund 1976: *Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen: UiB.

Nielsen, Mentz Rynning 1958: *Noko om stadnamn i Odda*. Bergen.

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

Sandve, Bjørn Harald 1976: *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal: generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen: UiB.

Sørli, Mikjel 1959: Om Odda-målet i dag. *Maal og Minne* 1959: 55-66.

Vidsteen, Chr. 1885: *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.

Lokal konsulent: Kristen D. Eitrheim